TV 2 greidde krava
Side 10

Kringom 30 år
Side 6

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGSRINGEN NUMMER 3/2025

KRINGOM

Kvifor er nynorsk usynleg på kino og på Netflix?

spør Åse Wetås og Svein Olav B. Langåker.

SIDE 12

KRINGOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKASTINGS-RINGEN

BLADSTYRAR
Aksel Torsnes Mehlum

PRODUKSJON
Fonna Forlag

TRYKK
Merkur Grafisk AS

OPPLAG
900

KONTAKT
post@kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 OSLO

www.kringkastingsringen.no

MEDLEMSKAP
Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk, og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida og via kontonummer 3480 17 48343 eller Vipps-nummer 515993. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 350 kroner. Medlemer under 30 år betaler 200 kroner.

BLI MED!

INNHALD

3 Leiar
4 Nytt
6 Kringom jubilerer
10 TV 2 greidde krava
12 Kvar er nynorsken på Netflix?
16 Lagsnytt
17 Reprise
18 Kviss og kryssord

KRING-
KAST-
NGS-
RINGEN

JÓGVAN HELGE GARDAR
styreleiar

På tide med landslinje

Foto:Vemund Knudsen

I EI TID DER LESINGA LIR og medielandskapet tapar territorium, burde det vere sjølvsagt at kunnskap om medium, kommunikasjon og retorikk står høgt på agendaen. Når det norske tilbodet vert truga av engelsk og sosiale medium, går det som regel mest ut over nynorsken. I tråd med språklova må det offentlege sørge for at nynorsken får den støtta han treng, og at me utdannar nok nynorskkunnige journalistar, webredaktørar, spelutviklarar, tekstforfattarar og andre mediefolk.

KRINGKASTINGSRINGEN HAR difor med stor interesse lese om planane for ei landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule. Linja er frå før eit viktig ledd i den nynorske medieverda og har utdanna mange flinke folk til alle hjørne av Medie-Noreg. No ser me eit tydeleg behov for å gjere ho til landslinje. Volda og Sunnmøre er eit kjerneområde for både nynorsk og medieutdanning, og mange sentrale institusjonar har sete der. Me ser Volda vidaregåande skule som ein viktig og naturleg del av ei slik nynorsk- og medieklyngje, og med landslinjestatus bør det vere mogleg å tiltrekkje seg motiverte søkjarar frå andre delar av landet òg. Slik kan landslinja både skape eit miljø for språkmedvitne mediefolk og sende dei vidare til alle dei delane av medielandskapet som i dag har eit underskot på kompetanse i nynorsk. Eit slikt grep vil ikkje i seg sjølv vere nok, men vil sikre at eit av ledda i utdanningsløpet er betre sikra i åra som kjem.

GJENNOM ARBEIDET til Kringkastingsringen freistar me å støtte og heidre nynorskjournalistar, i ein mediekvardag der presset frå både bokmål og engelsk er stort. Me ser eit stort behov for å rekruttere fleire gode journalistar og medieprodusentar som nyttar nynorsk i arbeidet sitt, og me trur at ei landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon blir eit viktig element i ein struktur for både rekruttering og motivering av kommande nynorskjournalistar. I samspel med instansar som medie- og avissentera i Førde kan det vere akkurat det me treng.

«ORO JASKA» ER NOMINERT TIL EMMY!

Den norsk-samiske dramaserien «Oro jaska» («Hald kjeft») er nominert til verdas største tv-pris, Emmy Awards 2025. Nominasjonen vart offentleggjord i New York i september, og serien er nominert i kategorien «Kids – Live Action».

Serieskapar **Silje Burgin-Borch** seier i eit innlegg: «Tenk at alle de timene, dagene, årene vi har lagt ned i dette skulle føre oss fra lille Karasjok, til en nominasjon for den aller gjeveste tv-prisen i verden. Vi har kjempet så hardt for denne serien, og den er så utrolig viktig for oss. Da betyr en nominasjon som dette mye for mange.»

Serien er produsert av Alfredfilm og Feelgood SFT for NRK. Nominasjonen markerer eit viktig gjennombrot for samisk forteljarkunst på den internasjonale scenen. «Oro jaska» har tidlegare vore nominert til Prix Europa, og Emmy-nominasjonen stadfestar den sterke posisjonen serien har – både i og utanfor Norden. (Arktisk Film Norge)

Bilete: NRK

Redaktørstyrte medium

Dei fleste nordmenn held seg dagleg oppdaterte på nyheitsbiletet, og redaktørstyrte medium står framleis sterkt i folket. Det viser den norske delen av rapporten Reuters Digital News Report 2025. Heile 82 prosent fortel at dei følgjer med på nyheiter minst éin gong om dagen, og over halvparten startar dagen med ei nettavis eller ein nyheitsapp. Noreg skil seg dessutan ut med høgast betalingsvilje for digitale nyheiter på verdsbasis.

Samstundes peiker undersøkinga på endringar i

Illustrasjon: Medietilsynet

Innovasjonsstøtta i 2025 blir 23,7 millionar kroner

Medietilsynet skal fordele 23,7 millionar kroner i innovasjonsstøtte i 2025. Ordninga skal stimulere til redaksjonell og innhaldsretta innovasjon og er særleg retta mot små, lokale nyheits- og aktualitetsmedium. I år blir prosjekt innan digitalisering, prosjekt retta mot innvandrarar eller språklege minoritetar og prosjekt som utviklar tenester for personar med funksjonsnedsetjingar, prioriterte.

– Innovasjonsstøtta skal gjere det lettare å digitalisere og drive innovasjon, særleg for små, lokale nyheits- og aktualitetsmedium, seier **Hanne Sekkelsten**, avdelingsdirektør i Medietilsynet. Innovasjonsstøtta vart etablert i 2018 og har som mål å fremje mediemangfald og ein opplyst offentleg samtale. (Medietilsynet)

står framleis sterkt

korleis særleg unge orienterer seg i nyheitsstraumen. Sosiale medium styrkjer stillinga som nyheitskjelde blant dei yngste, noko Medietilsynet meiner kan gje grunn til uro dersom det fører til at redaktørstyrte medium blir nedprioriterte. 38 prosent av 18–24-åringane får nyheiter frå TikTok, ifølgje undersøkinga.

– Det er positivt at redaktørstyrte medium står sterkt, og at betalingsviljen framleis er høg i Noreg. Så kan det vere uroande at sosiale medium det siste året har styrkt seg ytterlegare som nyheitskjelde blant dei unge. Det er viktig at dei unge også får nyheiter frå redaktørstyrte medium, sier **Mari Velsand**, direktør i Medietilsynet. (Medietilsynet)

Nordmenn høyrer mest på podkast i Norden

Annankvar nordmann høyrer på podkast, noko som sender Noreg forbi Sverige og til podkasttoppen i Norden. Ein rapport som er laga av NRK, Bauer Media, Norstat og Podme, viser at 50 prosent av det norske folket har lytta til podkast det siste året. Det er opp fem prosentpoeng sidan i fjor.

– Ein byrja å lura på om marknaden var metta, då lyttardelen dei to siste åra har lege rundt 45 prosent, seier ein glad analyseansvarleg **Heidi Thomassen** i Bauer Media.

– Dette er kanskje det mest overraskande for meg. Eg kjenner den svenske marknaden ganske godt, og i lang tid låg dei framfor Noreg i både utvikling av lytting og tilbod, så ein skulle tru at Sverige sannsynlegvis hadde høgare lytting enn Noreg, seier ansvarleg redaktør i Bauer Media, **Kristoffer Vangen**. (NPK)

MINNE

Kringom fyller 30!

Det er ikkje berre 70-åringen Kringkastingsringen som jubilerer i år. Det er nemleg 30 år sidan medlemsbladet vårt kom ut for første gong. Her har du nokre glimt frå det første tiåret av Kringom-historia!

Kringom og *kringom* fru Blom...

Kringom spelar på namnet vårt. Kringkastingsringen vert ofte korta til Ringen. Kr kan stå for så mangt, like gjerne for kringkasting som for kristeleg eller kroner. I tillegg til ordspelet uttrykkjer namnet mykje av det me står for.
Kringom krinsar omkring mediespråk og andre språkspørsmål, Kringom, rundt om, i heile det langstrakte landet vårt.

Årsmøtet 1995 vert halde i Førde. Sjå informasjon på baksida.
Dette bladet gjeld som innkalling til årsmøtet 1995. Han er samstundes stuttversjon av årsmeldinga for 1994. Medlemmer som ynskjer heile årsmeldinga tilsendt, kan ringja eller skriva og be om det.
Årsmeldinga skal vera klar til årsmøtet og vert delt ut der.

Kringom nr 1, januar 1995
Redaktør Randi Alnæs

Telefon 22 20 77 48
Telefaks 22 11 19 10

Ivar Aasen

Ynskjeprog

Nostalgia
NRK P1
0340 OSLO

KRINGOM OG KRINGOM, FRU BLOM
Kringom spelar på namnet vårt. Kringkastingsringen vert ofte korta til Ringen. Kr kan stå for så mangt, like gjerne for kringkasting som for kristeleg eller kroner. I tillegg til ordspelet uttrykkjer namnet mykje av det me står for. Kringom krinsar omkring mediespråk og andre språkspørsmål, Kringom, rundt om, i heile det langstrakte landet vårt.
Kringom nr. 1/1995

KVA ER DIALEKT I NRK?
Programreglane for NRK seier at medarbeidarane som hovudregel skal bruka nynorsk eller bokmål. I fri munnleg framføring kan dei bruka dialekt. Bokmålskonsulent Dag Gundersen peikar på at unntaket gjeld dialekt og ikkje noko anna. Han tek opp kampen mot privatisering av språkreglane i NRK og seier vidare: – Ein dialekt er ein morsmålsvariant som vert nytta i ein geografisk eller sosialt avgrensa del av språksamfunnet. Riksmål er ingen dialekt.
Kringom nr. 3/1995

GRATULERER, INGVILD BRYN
Ingvild Bryn og Morten Harket skal som kjent leia finalen i Melodi Grand Prix frå Oslo Spektrum 18. mai. Me er svært glade for at ein så dyktig nynorsktalande journalist har fått dette prestisjetunge oppdraget, og ynskjer begge lukke til.
Kringom nr. 1/1996

NRK GÅR NYE VEGAR
Barne- og ungdomsavdelinga leitar no etter nynorsktalande programleiarar til «Midt i smørøyet». Det finst mange som flyttar med foreldra sine til hovudstaden, som likevel held fast på heimedialekten sin, eller som kan ta

Meldingsblad for KRINGKASTINGSRINGEN
nr 1/1996

ringom

Teaterspalta

Rogaland Teater: "Alle mine sønner", familiedrama av Arthur Miller. "Den gang når" av Julian Garner har premiere 28. januar. Dette stykket handlar om tre jødiske kvinner i byrjinga av 2.verdskrig, og det er sett opp for å markera 50-års jubileet for frigjeringa. Kjelleteateret har premiere på "Privatlivet" av Eugene Ionescos 27. januar.

Trøndelag Teater: "Katta på Dovre" av Julian Garner, familieforestilling på Nedre Elvehavn. "Vikbalden" av Henrik Ibsen har premiere 28. januar i Arbeiderforeninga, og i februar startar ennå eit stykke, "Tiden og rommet" av Botho Strauss.

Teatret vårt har urpremiere 18. februar i Surnadal på musikkabareten "No skin det ad", om diktaren Hans Hyldbakk frå Nord-Møre. Kabareten er skriven av Vidar Sandem, musikk Henning Sommero. Stykket vert spela forskjellige stader i fylket fram til 20. mai. Sjå elles i lokalpressa. Det vert også sett opp på Bjørnsonfestivalen i Molde i juli og på Dei nynorske festspela i Ørsta/Volda i september.

17. mars er det Noregspremiere i Ålesund på "A clockwork orange" av Anthony Burgess. Stykket vert også sett opp i Oslo, Chateau Neuf 11.-13. mai og under jazzfestivalen i Molde i juli.

Som medlem i Kringkastingsringen får du rabatt på dei ordinære framsyningane måndag og tysdag på Rogaland Teater, alle dagar på dei to andre.

kjem på TV

gram i reprise

Meldingsblad for KRINGKASTINGSRINGEN
nr. 4/1999

Kringom

Ope brev til

Tar du utfordringa, Kåre Valebrokk?

Innhald

Utfordring til Valebrokk	1
Leiaren: Arbeid for godt språk i media!	2
Redaktøren har ordet	4
Kringkastingsringen	5
Talemålsnormering	6
Normering i eteren	8
Digitalfjernsynsframtid	10
Nesten ikkje nynorsk i kringkasta gudstenester	12
Jon Fosse: Min nynorsk	13
Teaterspalte	14
Styret i Kringkastingsringen	15
Kringkastingsprisen 2000	16

Gratulerer – og velkomen som ejef i TV2. Vi skriv dette brevet for å lufte nokre forventningar om nynorskens vilkår i allmennkringkastingskanalen du har blitt topplelar i.

Naivt, tenkjer nok mange. Den liberale riksmålsmannen, med klokkefast tru på marknaden. Som har kjempa mot statsstøtte til eiga avis, og som vil gi folk det dei ber om: «Vil mine TV2-seere ha såpeopera, skal de pinadø få det.»

Her skal heller ingen sære interesser løftast fram: «Hvis eierne mine vil ha en misjonær, får de ansette en. Ikke meg. Jeg driver TV.»

Kva kan nynorsken vente av støtte og stimulans her?

Naive? Ja vel, så er vi naive då!

Vi skundar oss å skyte inn at vi er glade for den nynor-

Les meir på side 3.

I neste nummer
skal vi følgje utviklinga i forhandlingane mellom Kulturdepartementet og TV2. Vi vil også sjå på ulike sider ved allmennkringkastinga ... og kjem truleg tilbake til målbruken i TV-gudstenestene

Kurs i talemålsnormering

«(…) den talte nynorsken er ikkje ei direkte overføring av skriftspråk til munnleg tale, det er ein eigen språkvariant. Etermodienynorsken er tilpassa mediet, sjangeren og målgruppa, han må ta omsyn til nynorsknorma og språkreglar, og til dialektbakgrunnen og språkkjensla til brukaren.»

Les om kurset på side 6 og 7.

denne dialekten fram dersom gulrota er å få vera med i fjernsynet. NRK er no på jakt etter slike to-dialektiske ungar. På møtet mellom Kringkastingsringen og barneredaksjonen kom me med framlegg om nettopp dette og har altså fått fullt gjennomslag for ideen. Dersom du kjenner born som snakkar ein god dialekt og bur i nærleiken av Oslo, er det fint om du tipsar oss om namn.
Kringom nr. 2/1996

LULESAMISK PÅ LUFTA

NRK har oppretta eit nytt lulesamisk kontor i Tysfjord som skal produsera innslag til sameradioen to gonger i veka. Det er mellom 200 og 300 lulesamar i landet, og den yngre generasjonen har langt på veg mist språket sitt. Dei unge skjønar, men kan ikkje snakka, og dei eldre er skeptiske til å uttala seg i radioen. Kringkastingsringen ynskjer Sigmund Johnsen ved det nye kontoret lukke til i arbeidet.
Kringom nr. 2/1997

NYNORSK PÅ NRK INTERNETT

Det er lite nynorsk på internettsidene til NRK, sjølv om det etter formålsparagrafen skal vera 25 % nynorsk i skriftleg informasjon. Heldigvis arbeider Eivind Molde ganske mykje med informasjon på nettet, difor var det mellom anna ein god del nynorsk valstoff å lesa.
Kringom nr. 4/1997

MEIR NYNORSK I P2

P2 vil auke nynorskprosenten i kanalen ved mellom anna å syta for at ein firedel av morgonkåseria, «Ord for dagen» og opplesingsseriane skal vera på nynorsk. Kringkastingsringen har vore i kontakt med

dei som har ansvar for morgonkåseria, og peika på at det er viktig at folk frå forskjellige stader i landet får høve til å vera kåsørar.
Kringom nr. 1/1998

SAMISKE SENDINGAR PÅ TV 2
TV 2 har no inngått avtale med eit samisk produksjonsselskap som skal lage program på samisk for dei. Etter fleire år med kritikk vil kanalen no innfri konsesjonskrava på dette feltet. Kringkastingsringen gratulerer.
Kringom nr. 4/1998

NYNORSKENS KULTURMINISTER
Kulturminister Åslaug Haga vil skjerpe krava om norsk språk og kultur i den nye konsesjonen til TV 2. Kåre Valebrokk er gjort merksam på standpunktet i samtalane som har vore mellom fjernsynskanalen og Kulturdepartementet. Kringkastingsringen seier seg svært godt tilfreds med denne gladmeldinga som elles er heilt i tråd med brevet om desse spørsmåla som vi sende over til departementet før jul.
Kringom nr. 1/2000

VILLMANNS VERK Å FJERNE PRESSESTØTTA
Direktør i Nynorsk kultursentrum, Ottar Grepstad, nytta den første årstala til å understreke kor viktig pressestøtta er for den nynorske skriftkulturen. Med klar adresse til Høgre og eventuelle andre parti som vil gjere hestehandel med pressestøtta, sa Grepstad at det er villmanns verk å fjerne ordninga.
Kringom nr. 3/2001



NYNORSKJOURNALISTAR FÅR MEST KJEFT, OG MEST ROS

– Nynorskjournalistar har eit meir medvite forhold til språk og er meir stolte av målet sitt enn bokmålstalande kollegaer. Dei slær oftare opp i ordbøker og andre oppslagsverk for å sikra at språket blir så godt som råd. Dei får mest kjeft, men òg mest ros for målbruken sin, seier stipendiat Jon Peder Vestad ved Avdeling for mediefag på Høgskulen i Volda.
Kringom nr. 1/2002

NYNORSK I DAGBLADET

Norsk Målungdom har starta ein kampanje for å få nynorsk inn i Dagbladet. I dag har store, riksdekkjande aviser som VG, Aftenposten og Dagbladet eit uoffisielt nynorskforbod på redaksjonell plass. Hovudmålet med kampanjen er at Dagbladet skal sleppa til nynorsk på redaksjonell plass, men like viktig vert det å synleggjera språksensuren i avisa og skapa ein prinsipiell debatt.
Kringom nr. 4/2003

STOLT NYNORSK

Nynorsk mediesenter i Førde startar etter planen opp 1. juli. «Stolt nynorsk» skal vera visjonen til senteret. Distriktskontoret i Førde har hatt god erfaring med rekruttering og opplæring av journalistar og har i løpet av dei siste 10–12 åra «produsert» om lag fem journalistar i året. – Førdeskulen er vorte eit omgrep, og me har utdanna journalistar som til dømes Eli Strand, Knut Magnus Berge og Morten Sandøy, fortel Magni Øvrebotten, distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane.
Kringom nr. 1/2004

TV 2 oppfylte alle krav som kommersiell allmennkringkastar i 2024

TV 2 løyste i 2024 oppdraget som kommersiell allmennkringkastar i tråd med krava, viser tilsynsrapporten frå Medietilsynet som kom i sommar.

2024 var det første året for den nye femårige avtalen mellom staten og TV 2. Avtalen vidarefører mange av hovudlinjene frå den førre perioden.

– Gjennom å oppfylle samfunnsoppdraget som følgjer av avtalen med staten, bidreg TV 2 til å nå dei mediepolitiske måla for kommersiell allmennkringkasting og til å styrkje det norske mediemangfaldet, seier direktør **Mari Velsand** i Medietilsynet.

TV 2 har hovudredaksjonen og den sentrale nyheitsredaksjonen i Bergen og sikrar i tråd med avtalen eit sterkt nærvær og ein eigen nyheitsredaksjon utanfor hovudstaden.

– Med distriktskontor i Bodø, Hamar, Stavanger, Tromsø, Trondheim og Ålesund, i tillegg til nærvær i Oslo og Bergen, bidreg TV 2 til å styrkje nyheitsdekninga frå heile landet, held Velsand fram.

NORSKSPRÅKLEGE PROGRAM

TV 2 oppfylte krava om norskspråklege program for born og unge i 2024. Vidare sende TV 2 nye produksjonar av norsk film og tv-drama på hovudkanalen TV 2 Direkte og oppfylte kravet om å investere gjennomsnittleg 60 millionar kroner årleg i slike produksjonar. TV 2 leverte eit breitt programtilbod med innhald av allmenn interesse og dekte fleire programkategoriar, som dokumentar, underhaldning, sport og samfunn.

Kanalen har dessutan bidrege til å

– TV 2 bidreg til å styrkje det norske mediemangfaldet, seier direktør Mari Velsand i Medietilsynet.
Foto: Medietilsynet / Jacob Nordström

styrkje norsk språk og identitet gjennom å formidle norskspråkleg innhald. I 2024 var 60 prosent av programma på hovudkanalen norskspråklege.

NOKO LÅGARE KOMPENSASJON

Medietilsynet meiner at TV 2 har følgt retningslinjene for det rekneskapsmessige skiljet mellom allmennkringkastingsverksemda og verksemda elles. Allmennkringkastingsverksemda medførte ein netto meirkostnad på 133 millionar kroner inkludert ti prosent driftsmargin i 2024. Dimed blir TV 2s kompensasjon for allmennkringkastingsoppdraget noko lågare i 2024 enn det maksimale beløpet på 150 millionar kroner.

MEDIETILSYNET

Arkivet til Einar Økland er digitalisert

Foto: Tove K. Breistein / Samlaget.

Seks tiår med nynorsk skriftkultur er samla i eit omfattande digitalt Økland-arkiv som no er overlevert til Sveio kommune.

Ottar Grepstad har brukt fire månadsverk på å ordne og digitalisere arkivet, som inneheld dokument frå norsk skriftkultur i perioden 1959–2019.

– Det tok 60 år å skrive det som ligg i Einar Øklands arkiv av brev og manuskript. Det tok fire månadsverk å ordne og digitalisere alt saman. Og det tok sju sekund å overføre det digitale arkivet til ein ekstern harddisk, sa Grepstad då han overleverte det digitale arkivet.

DIGITALT ARKIV OG EIT STORT INTERVJUMATERIALE

Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Sveio folkebibliotek og har vore finansiert med private midlar, tilskot frå Kulturrådet og eigeninnsats.

Sveio folkebibliotek forvaltar no både det digitale arkivet og fem arkivboksar med intervjumateriale. Grepstad understrekar kor viktig dette materialet er:

– Den som vil forstå norsk kulturhistorie, gjer klokt i å lese det Økland har skrive, og bli kjend i desse arkiva. Arkiva gjer Sveio kommune til eit sentrum for materiale om diktaren og kulturhistorikaren Einar Økland.

PEDER SKJELTEN / NPK

INNLEGG

Kvifor er nynorsk usynleg på kino og på Netflix?

Nye krav kan føre til at store strøymetenester får fleire filmar og seriar på norsk. Samstundes er nynorsk så godt som usynleg både hos Netflix, Max og Disney og på det store lerretet. Dette bør det gjerast noko med.

Foto: Oda Hveem

Åse Wetås, direktør i Språkrådet

Foto: Magne Langåker

Svein Olav B. Langåker, dagleg leiar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar

I februar vedtok Stortinget ei endring i kringkastingslova. Innstillinga frå kultur- og familiekomiteen slår fast at lovendringa «stimulere[r] til filmpolitisk måloppnåelse, kulturelt og kunstnerisk mangfold og språklig utvikling i Norge».

Endringa forpliktar tilbydarar av såkalla audiovisuelle bestillingstenester å bidra økonomisk til produksjon av norske audiovisuelle verk. Med andre ord må strøymetenester som Disney, Max og Netflix leggje pengar i norskspråkleg film- og serieproduksjon. Frå 2026 er det snakk om 150 til 200 millionar kroner årleg.

Endringa kan bidra til å styrkje norsk språk og kultur. Reguleringa av strøymetenestene kjem fordi dei blir stadig viktigare i mediekvardagen i Noreg. Strøymetenestene tar til dels over for allmennkringkastarane NRK og TV 2, som må rette seg etter ei lang rekkje kulturpolitiske krav.

LANGT MELLOM FILMAR OG SERIAR MED NYNORSKTEKSTING

Folk flest les færre bøker enn tidlegare, og teksting av tv, film og seriar blir difor ei svært viktig kjelde til skriftleg norsk. Allmennkringkastaren NRK bruker mykje nynorsk i tekstinga si, men dei private strøymetenestene bruker så å seie aldri nynorsk.

Språkrådet tok kontakt med kundeservice hos Netflix for å høyre om tenesta har innhald teksta på nynorsk. «Nei» var det stutte svaret vi fekk. Det er ikkje noko som tyder på at stoda er annleis hos dei andre strøymetenestene. På kino er situasjonen marginalt betre, og nokre få filmar har vore teksta på nynorsk dei siste åra. På 1980-talet var «Ronja Røvardotter» teksta på nynorsk nokre stader. Nesten tretti år seinare kom gangsterfilmen «Tropa de elite» med undertekstar på nynorsk på kino. Det skjedde like etter at Norsk Målungdom hadde jobba med ein kampanje for å stille krav om minst éin nynorskteksta film på norske kinoar i 2008.

På 2010-talet vart berre nokre få kinofilmar distribuerte med tekst på begge skriftspråk. Etter 2020 har det ikkje kome ein einaste kinofilm med nynorske undertekstar, så vidt vi veit.

På Blu-ray har det derimot kome fleire filmar med nynorsk teksting dei siste åra. Bortimot heile «Norske filmklassikarar»-serien til Platekompaniet og Christer Falck har nynorsk teksting. Det viser at det er mogleg med undertekstar på nynorsk. Kanskje kunne strøymetenestene nytta seg av same teksting når dei tilbyr filmar som «Uno» og «Reprise» til abonnentane sine?

UNDERTEKSTAR SPEGLAR IKKJE DET SPRÅKLEGE MANGFALDET

Nær halvparten av befolkninga i Noreg ser på strøymt innhald ein gjennomsnittleg dag, viser Statistisk sentralbyrås Mediebarometer for 2024. Strøyming er mest populært blant unge vaksne i alderen 16–34 år. Om lag 80 prosent av befolkninga har eit fast kinotilbod

i kommunen sin, og kino er ein av dei mest brukte kulturaktivitetane blant nordmenn, ifølgje regjeringa sin kino- og filmformidlingsstrategi «Mer film sammen». I strategien er det formulert som eit kulturpolitisk mål at det skal leggjast til rette for breidde og mangfald i kinotilbodet i heile landet.

I 2012 vart det vedteke ei endring i forskrifta om tilskot til audiovisuelle produksjonar som stiller krav om at alle norske filmar skal ha norskspråklege undertekstar. Sidan 2017 har det vore krav om at alle filmar skal synstolkast. Men språkleg breidde og mangfald er i dag ikkje å sjå i undertekstar, korkje på kino eller på strøymetenestene. Det kjem heller ingen krav om dette i paragrafen om plikt til å investere i norskspråklege audiovisuelle verk, som tok til å gjelde 1. mai i år.

Nynorsk har vore og er framleis nærmast usynleg på det store lerretet og på små og store skjermar i heimen. Over ein tredjedel av alle kommunale kinoar i Noreg ligg i nynorskkommunar og i språknøytrale kommunar med ein stor del nynorsk. Kvifor skal ikkje kinogjengarane her få møte språket sitt?

BOKMÅL TRENG IKKJE VERE NORMA

Språklova slår fast at nynorsk og bokmål er likestilte skriftspråk, og at ein må setje inn særlege tiltak for å styrkje nynorsk, som er det minst brukte skriftspråket. Men det finst inga lov som slår fast at all undertekstsing skal vere på bokmål.

Andre land fører ein offensiv språkpolitikk for å verne om mindre brukte språk. Spanske styresmakter sette til dømes krav om innhald på baskisk, galisisk og katalansk i strøymetenestene i 2022. Det er ingen grunn til at vi i Noreg skal vere mindre offensive enn i Spania.

Språkrådet og Landssamanslutninga av nynorskkommunar meiner at manglande nynorsk i undertekstar heng saman med gammal vane og mangel på treffsikker politikk. Vi håpar og trur at 2020-talet skal bli tiåret då det losnar for teksting på nynorsk.

Vi vil difor føreslå følgjande tiltak for å snu trenden:

- sørgje for at filmane som ligg an til å bli dei største kassasuksessane i eit kinoår, får teksting på både nynorsk og bokmål – då kan kinoane sjølve velje, og tenåringar på Voss, i Volda og i Vinje kan få sjå at språket deira funkar også på film
- setje krav om at ein viss del av tekstinga hos strøymetenestene skal vere på nynorsk, slik at alle skal kunne lese både bokmål og nynorsk i undertekstar på desse plattformene
- setje krav om at filmane som vert synte til fleire tusen barn og unge gjennom Den kulturelle skulesekken, er teksta på både nynorsk og bokmål

Kvart år sidan 1974 har nordmenn gått med bøsser for TV-aksjonen. I år det Tarjei Strøm og Øyvor Bakke som er vertskap for den tradisjonsrike sendinga. Foto: Eivind Senneset / NRK.

Tarjei og Øyvor skal leie TV-aksjonen

Tarjei Strøm frå Bergen og **Øyvor Bakke** frå Jondal skal leie TV-aksjonen på NRK søndag 19. oktober.

Dei to programleiarane lovar ein spennande og underhaldande tv-kveld med interessante gjester, finurlege auksjonsobjekt, syklande P3-arar og ikkje minst god musikk. Kringkastingsorkestret speler med mellom andre Chris Holsten.

– Det er berre å byrje å gle seg, seier Strøm i ei pressemelding.

ATLAS-ALLIANSEN

TV-aksjonen i år går til Atlas-alliansen og skal gi 200 000 menneske med funksjonsnedsetjingar og familiane deira i Palestina, Ukraina, Etiopia, Nepal, Tanzania, Uganda og Zambia eit betre liv.

Sendinga går direkte frå Grieghallen i Bergen, i tre timar frå kl. 19.50 til kl. 23.00. Det gir Bakke sommarfuglar i magen.

– På ei lang direktesending kan jo alt skje! Samtidig blir det fint å møte alle gjestene og vise litt av det folket rundt om i landet har gjort for å samle inn pengar, seier Bakke.

KJELL ÅSMUND SUNDE / NPK

Meld frå kor du går!

Når vi sender ut Kringom til medlemmer og abonnentar, får vi ein god del blad i retur med melding frå Posten om at mottakaren ikkje bur på adressa lenger. For oss inneber det ekstra tid til detektivarbeid og ekstra utgifter til ny utsending. Det skulle vi gjerne vore forutan. Difor er det flott om du gjev oss melding når du flyttar.

Du melder enklast frå på e-post til post@kringkastingsringen.no. Takk for hjelpa!

VERV OG VINN!

Kringkastingsringen fyller 70 år i år, og vi har hatt vekst i medlemstalet dei to siste åra. Vi vil gjerne bli endå fleire, og då treng vi di hjelp!

I tillegg til dei flotte koppane våre har vi splitter nye handlenett og kapsar, og både vervarar og nye medlemmer kan velje seg ei slik gåve.

Det er lett å melde seg inn! På kringkastingsringen.no/medlem ligg det eit kort skjema.

90 år på sporet

I 1999 VAR DET 90 år sidan Bergensbanen vart opna. I høve 90-årsmarkeringa laga NRK programmet «90 år på sporet» med nokre glimt frå historia om både bygginga og drifta av denne verdsberømte jernbanestrekninga. Her er det berre å ta fram mimrebrillene til tida då NSB var NSB og serveringsvognene med søtmat og kaffi framleis trilla gjennom toget. Og som forteljarstemma seier: «Turen over fjellet har nesten noko mytisk over seg. I svillene og i dei stålblanke jernbaneskjenene ligg eit minne frå den gongen hundreåret var nytt og den moderne tidas teknikk berre var vedunderleg.»

PÅ VEGEN OVER FJELLET møter vi ein togførar som er femtegenerasjons jernbanemann, og etter 20 år på Bergensbanen er framleis kvar dag like spennande. Vi får tilbakeblikk på korleis Bergensbanen gjorde at Finse voks fram som ein heilårs vintersportsstad for både europeiske kongelege og meir vanlege turistar. I ei tid der polferder var på moten, vart eit eksotisk opphald på Finse den enklaste måten å oppleve eit barskt klima på.

IKKJE MINST FÅR VI nokre døme på korleis dette barske klimaet har skapt vanskar for jernbanen – med handtering av snøstorm i mai eller då heile togsettet stod innesnødd i ni dagar vinteren 1937 og passasjerane vart evakuerte først etter eit døgn om bord. Sjølvsagt peikar programmet òg mot ei litt fjern (og nokså dyr) framtid. Men regionsjefen i Jernbaneverket som fortel om planar og draumar for Bergensbanen framover, kunne nok sagt omtrent det same i dag – 26 år seinare!

AKSEL TORSNES MEHLUM

KVISS

1. NRK-journalist og kringkastingsprisvinnar Kari Sørbø leidde i 22 år eit populært aktualitetsprogram på radio. Kva heitte programmet?
2. Kven har leidd radioprogrammet «Språksnakk» sidan hausten 2024?
3. Artisten Synne Vo (biletet) har nyleg vore i studio med Kringkastingsorkestret. Kor kjem Synne Vo frå?
4. Lokalavisa som held til i Volda, er den nest eldste avisa i Noreg. Kva heiter avisa?
5. Då Kringkastingsringen vart skipa i 1955, heitte både styreleiaren og skrivaren Magne. Kva var etternamna?
6. Tusenkunstnar Bjørn Tomren er attende i ein ny sesong av NRK-serien «Våre beste år». Under kva artistnamn vart han først kjend?

Foto: Tore Sætre / Wikimedia

Løysing kryssord 2/25

Den ferske kringkastingsprisvinnaren var tema for kryssordet sist, og løysingssetninga såg slik ut:

POPULÆR PROGRAMLEIAR OG PRISVINNAR FRÅ AUSTEVOLL

Dei tre som har fått ein fin premie i posten, er:
Marit Hovdenak, Haslum
Johannes Bakka, Sauda
Gabriella Lindman, Fjellhamar

Kringom gratulerer!



Fasit kviss: 1: Her og nå / 2: Lydia Gieselmann / 3: Lesja / 4: Møre / 5: Oftedal og Rommetveit / 6: Polkabjørn

KRYSS -ORD

EINAR SØREIDE

Denne direktøren dreg du kanskje kjensel på? Send anten heile kryssordet til Kringkastingsringen, pb. 2987 Tøyen, 0608 Oslo, eller løysingssetninga til post@kringkastingsringen.no, og bli med i trekkinga av fine premiar. Hugs å sende med namn, postadresse og mobilnummer. Frist: 7. november. Lykke til!

Foto: Monent Studio

FØRSTE SPRÅK-DIREKTØREN "BORTE" I 4 ÅR
NY-NORSK-KOMM.
TAL
MATAUK
SKY
LAND I AFRIKA
NATUR
SLAG
VINTER-ULL
KVER-KE
SETJE FYR PÅ
RUBIDIUM
HUD
DUNK
SMØRJE
PLAGGET
TASKA
SAMAN-DRAGING
FALSK
SIKKERT I KYRKJA
INNSJØ
NABOAR
KRING-KAST-INGS-PRIS-VINNAR 1990
ARTIG-AST
SCENE
LIKE
RHENIUM
SKRUBBE
SKALV
VERN
NABOAR
TIDL. KARAKT.
LIKE
SMELTE SAMAN
GASS
FORSYN-TE SEG
SOLID
FINSK BY
INN-HOPPAR
ÅRE-FESTA
SØLV
MANN
OSLO-NABO
ER PÅ SPORET?
SIKT
MERKE
ETTER
ÅRETS ORD I 2020
MANN
12 STK.
BERG-ARTEN
TRASKE
TO
ENERGI-KJELDE
LIKE
REKNA SOM VERDAS ELDSTE BY
LEDD
DJEV-ELSK
AVIS
SVAK
PLYNDRE
1/1000 LITER
TETTE
PREP.
NAB.
PRE-SENS
LUKT
SLETTE
KVINNE
FAGET
KLASSE
VÅPEN-SIKTE
KAN EIN TA I BAKKEN
BIBEL-DEL
MANN
SINT
LIKE
OLAUG NILSSEN-BY
BUNDEN
PRON.
LIKE
OFFER-BORD
PLANTE
ARGON
MAKTA
UTKAST
NRK TV-PRO-GRAM

Namn, adresse, postnummer og mobilnummer:

RETUR:
Kringkastingsringen
Pb. 2987 Tøyen
0608 OSLO

NOREG P. P.
posten

KRING-
KASTINGS-
RINGEN